

Yuko Ringdal
Løvåsbakken 21
5145 Fyllingsdalen

01.juni 2018

Hordaland fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5
5008 Bergen

Søknad om forskningsstipender

Viser til dykkars tilskot, kulturelt utviklingsprogram (KUP) i Hordaland fylkeskommune si heimeside og søker på midler for mitt bokprosjekt.

Etter at eg fullførte mastergrad i japansk kultur og samfunn ved Universitetet i Oslo, har eg undervist japansk ved Universitetet i Bergen og ved andre skular i Bergensområde. Samstundes har eg vorte svært interessert i norsk likestilling mellom kjønna og historia bak dette, og har difor byrja å studere emnet på eige hand. No har eg bestemt meg for å skrive ei bok på japansk om norsk likestillingshistorie, om ti norske kvinner som har kjempa for likestilling.

Interesse for norsk likestilling hjå japanarar har vorte større i den seinare tid, og stadig fleire japanarar kjem til Noreg for å lære om norsk likestilling. Fortsatt er det ikkje vanleg blant japanararar å lese engelske bøker, og norsk er det berre svært få som kan lese. Samstundes finst det lite informasjon om norsk kultur og norsk likestilling på japansk. Eg kjenner meg difor sikker på at boka vil kunne bidra til at japanararar får betre forståing for norsk likestilling og korleis Noreg har greidd å utvikla seg til å verte eit så likestilt land gjennom dei siste 200 år.

Etter å ha prøvd mange gongar å leite etter japanske forlag som vil publisere boka, har eg endeleg fått eit klarsignal (sjå vedlegg).

Eg håpar at de vil sjå positivt på søknaden min og at eg kan ta i betraktning ved tildeling av stipend.

Med venleg helsing

Yuko Ringdal